

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *76*Fylke: *Rogaland*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Saudefjord*Emne: *Dei "Kloke"*

Bygdelag:

Oppskr. av: *H. Høyen*

Gard:

(adresse): *3 D. Ralle*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg bad *Hans Høyen* tidl. lærar og klokkar her, men fødd i Sand til saman med systeri *Magla* og skriva ned det som De bad om vedk. kloke koner og magi. Eg sender hans svar utan omskriving. Men eg meiner det ikkje er rett å namnkjenna folk som høyr vår eigi tid til. Soleis dengde herma etter doktor *Øst* vold. Mon det er naudsynt å nytta det stoffet som det er? *Jag* eit namn helår eller seg ein distriktslækjar i Indre Ryfylke.

Sjølv minnst eg so godt denne mannen, ein sver rugg, flink og opofrande mann frå *Østerdalen*-meiner eg.

Elles t minnst eg *Håkon Hovland* og *Guro Urabøen* (ho med iglane) *Guro* var av *Røldalsøtt* og budde nær min noverande bustad i *Ringhøg* en ein liten gard seldt frå eit bruk på *Risvold*.

Sovidt eg hugsar fann ho iglane i *Rødstjørni* like ved her. Om der lever igår no veit eg ikkje, har ikkje høyr nokon sjå dei iminsto, Dei kan vera utdøyde. I min barndom nytta mange *Guro* til å setja iglar på for so ymse sjukdomar, dei var flinke å trekkja blodet ut desse uappetitlege dyri. *Guro* hadde dei i ei alm flaska og bytte truleg vatn på dei av og til. So tok ho iglen ut og heldt han i eit reint stykke linty med ho heldt han på den sjuke staden til den som skulde iglast. Ellest fortel *Høyen* ogso om dette på ein morosam måte om *Charles Racine*, denne mannen som er død for ikkje so mange åri sidan og som ogso eg kjende godt. *Charles* hadde fransk blod i årane, men var fødd i *Stavanger* som son av kjøpmann *Erik Racine* som ogso var nokso rik på fuge i ansiktet. *Charles* hadde Av planter eg veit vart brukt som lækjeråd må ein nemna: *RE* infamm, røllikk, malurt, karve og brakaber. Dessutan fekk eg nyss høyra av *Lars Fagerheim* som hadde det etter sin bestefar *Ola Fagerheim*.

Dei samla dei fine grøne spirene på furua og laga graut av dei og nytta det mot alslags gikt sjukdomar. Elles kan eg nemna at min far nytta gytje på meg då eg i ungdomen fekk giktfeber. Han hadde stor tru på gytja og den er vel endå i bruk av alm. lækjarar?

Og gytje visste han å finna nær *Sauda* i ein utfaren elveos nær sjøen.

Håkon Hovland var mykje nytta som kvakksalvar i min første barndom i 1880-90 åri. Arelating hjelpte for so mangt etter som det lydest.

Torbjerg Teigen har ogso *Høyen* nemt, det var sli ei bra kvinna og velkjend for si hjelp til sjuke og ho var av dei site som verkeleg var overtruisk herikring, trur eg.

Her so få gamle å spyrja ut no.

Lista De sende meg vedkomande allslag nemne på hestereidskap og hesteutstyr sende eg i posten til *Ola Hustveit* som eg vonar vil vera so gild å fylla ut det han veit, og han veit mykje om desse ting.

Har bur på den ytterste garden i bygda nær grensa med *Sand* og han har nyss overlete garden til sonen so han burde ha stunder å svara grundig og godt skulde de ikkje høyra frå han beinveges so lat meg veta so får eg prøva finna ein annen til opdraget.

15431

Mykje nytt og
 kloke og
 sanna

2

Nei so må eg ikkje gløyma lovakaka . Denne var nytta mot svullar på hender og korsomhelst. Den fyrste som fortalde meg om denne kaka var Olena Handeland som er frå den inste grenda her i bygdi, "Hollandsbygd". Ho sa dei laga ei kaka av havremjøl og surmhølk , ei lita høveleg stor og fast kaka som dei la på den vonde staden. Sidan fekk eg høyra av ei onnor kvinna at det var sur fløyte dei rørte ut mjølet i . *Rå kaka* Det skulde vera veldig godt dette rådet. Kanhenda det er i bruk endå for dei har ~~var~~ langt til doktor *her* . Far hadde eit skrin fullt med kjøpe medikanmenter og han hjelpte svært mange, ikkje minst dess som kom med blodforgiftning og måtte ordnast med på blunken. Det var to mil til doktoren på land og ein måtte bruka båtskydd med to eller 4 mann når det skulde gå fort. I skrinet til far var det no ofte nytta jodd til blodforgiftning. men han nytta ogso ei overskori rå potet og la beint der den blå stripa gjekk ut frå fing eller arm. Eg såg so mykje av slike tilbuden i min barndom at eg alltid stokk når eg såg nokon koma med blå stripa meir eller mindre langt oppe på armen, det var livsfarlegt den tid med dei midler ein hadde til rådvelde. Av annen medisn eg minnst var mykje nytta var blyvatn, karbol, og kolloidium forutan som fyrr nemt jod(me utålla det joot) Som eit minne må eg nemna at når der var tingseta i vårt hus og der var t.d. kvindfolk med rykte om "stygg " sjukdom, som dei sa, og dei skulde på forhør for sine synder då var det min jobb etter pålegg av far å fara kring der kvinna hadde fare og vaska stolar og dørlåsar med sterk karbol. Far var so redd det skulde koma smitte i huset. Mot svull har det vøstt vore nytta mange slags små råder som eit omslag med grønnsåpe t.d. Det trekkjer. Og so var det talgaklutar for sterk forkjøling og vondt før bringa. Trur nok det rådet enno er kjendt og brukt. Og so var no brennevin nytta til so mangt, mest fordi ein hadde tru på det. Nyleg var det ei gamall kona som vilde dei skulde gjev sonen hennes ein dram då dei kom med heim på ei båra atter ha hadde lege under eit tre på frosa mark ei god stund. Men då dokotoren kom straks sa: Ikkje tale om dram. Kona vart overgjeven. ho trudde det skulde ha vermt han so godt. I fyrste verdenskrig veit med bygdane vilde utdela konjakk til bruk mot spanskesykja og anna. Men det gjekk ikkje gjennom her.

an eg sidaa få til å samla meir om denne saki so skal eg senda tillegg

Vyrdsamt

Lørdagjain 23/5-1900
 Dorthra Rabe
 Er mine nr. 73 er eg ikkje
 syn på å svare på - deigen